

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Hovudutval for samferdsel og mobilitet</b>	
<b>Møtestad:</b>	Stord Hotell, Kjøtteinsvegen 67	
<b>Dato:</b>	13.10.2020	14.10.2020
<b>Tid:</b>	13:00-19:00	08:30-10:30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A
Arve Helle	Medlem	A
Per Jarle Valvatne	Medlem	A
Linda Merkesdal	Medlem	A
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP
Mona Høgli	Medlem	MDG
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Gunnar Moland	Medlem	H
Trym Helge Aafloy	Medlem	FNB
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Gustav Bahus	Frank Willy Pedersen Djuvik	FRP

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Einar Kvam	Stabssjef infrastruktur og veg
Gunhild Vangsnes	Seksjonssjef planlegging og utbygging
Eivind Yttri	Seksjonssjef vedlikehald, drift og beredskap
John Martin Jacobsen	Seksjonssjef forvaltning og utgreiing
Torill Klinker	Seksjonssjef transportplan
Janne Dokken	Seksjonssjef forvaltning
Oddmund Sylta	Seksjonssjef strategi og eigarstyring
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

**Saksliste**

<b>Utvalls- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 16/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 17/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 16.09.2020	2019/149	
GK 18/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 23.09.2020	2019/149	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 73/20	Oppfølging av tiltaka i Nasjonal tiltaksplan for trafikkikkerheit 2018-2021 - første periode.	2020/68772	
RS 74/20	Revidert Bømlopakke og Kvinnheradpakke - Status	2020/49137	
RS 75/20	Informasjon om pågående arbeid med salskanalar	2020/46333	
RS 76/20	Informasjon om evaluering av "HentMeg" i Odda	2020/71894	
RS 77/20	Uttale frå E39-utvalet om fylkeskommunen si deltaking i E39 Stamvegutvalet gjennom Sogn og Fjordane	2020/960	
RS 78/20	Saldering av budsjettforslag - budsjett 2021	2020/60738	
	<b>Skriftlege spørsmål</b>		
SI 55/20	Spørsmål frå Brosvik (KRF), studierabatt for delstidsstudier	2020/203	
SI 56/20	Spørsmål frå Brosvik(KRF) - Fv 567 Fotlandsvåg	2020/203	
SI 57/20	Spørsmål frå Ekrheim (SP) - Fylkesveg 5014, Strondavegen, mellom Skånevik og etne	2020/203	
SI 58/20	Spørsmål frå Hammer (SV) - Hurtigbåttilbod mellom Sotra og Bergen	2020/203	
SI 59/20	Spørsmål frå Hammer( SV) - Iverksettelse av prisreduksjon på periodebillett og bompenger	2020/203	
SI 60/20	Spørsmål frå Hammer (SV) - Tryggleik i trafikken/Skyss	2020/203	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 83/20	Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2020 - andre tildeling	2020/5	
PS 84/20	Tilskot til trafikktryggingssarrangement, andre tildeling 2020	2020/6	
PS 85/20	Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar 2020	2020/45207	
PS 86/20	Førespurnad frå Statens vegvesen om opprettelse av MC-Forum i fylkeskommunal regi	2020/62405	
PS 87/20	Oppstart av arbeidet med handlingsprogram for trafikktrygging	2020/62195	
PS 88/20	Utgreiing av nasjonale føringar for riks- og fylkesvegnettet - Høyringsfråsegn	2020/52538	
PS 89/20	Evaluering av sommaren 2020 på ferjesambandet Jondal - Tørvikbygd	2019/99	
PS 90/20	Merkevareprosess Skyss/Kringom	2020/72022	
PS 91/20	Vinterstenging av fv. 613 Gaularfjellet	2020/62106	

## Godkjenningssaker

GK 16/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

GK 17/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 16.09.2020

Møteprotokoll frå møte 16.09.2020 vart godkjend utan merknader.

GK 18/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 23.09.2020

Møteprotokoll frå møte 23.09.2020 vart godkjend utan merknader.

## Referatsaker

RS 73/20 Oppfølging av tiltaka i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit 2018-2021 - første periode.

RS 73/20 vart referert.

RS 74/20 Revidert Bømlopakke og Kvinnheradpakke - Status

RS 74/20 vart referert.

RS 75/20 Informasjon om pågående arbeid med salskanalar

RS 75/20 vart referert.

RS 76/20 Informasjon om evaluering av "HentMeg" i Odde

RS 76/20 vart referert.

RS 77/20 Uttale frå E39-utvalet om fylkeskommunen si deltaking i E39 Stamvegutvalet gjennom Sogn og Fjordane

RS 77/20 vart referert.

RS 78/20 Saldering av budsjettforslag - budsjett 2021

RS 78/20 vart referert.

# Skriftlege spørsmål

## SI 55/20 Spørsmål frå Brosvik (KRF), studierabatt for delstidsstudier

Representanten **Trude Brosvik** (KRF) har stilt slikt spørsmål:

Kommunane i Indre Sogn har fått til deltidsstudie for at ufaglærte som arbeider innan pleie- og omsorg skal ta utdanning som sjukepleiar. Fleire av desse må forbetre resultatane sine frå vidaregåande for å kunne oppnå studiekompetanse. Derfor har ein starta støtteundervisning ved Sogndal vgs to dagar i veka. Dei fleste studentane er frå Sogndal, men nokre frå andre kommunar (td Vik) og vil over tid få relativt store reisekostnader med opplæringa.

Sjølve sjukepleiarutdanninga er etablert gjennom samarbeid mellom Høgskulen Vestland (HVL), kommunane i Sogn, fylkeskommunen og fylkesmannen og inneber eit tilrettelagt studie som har fått nemninga *SAMLINGSBASERT DELTIDSSTUDIE*. Kandidatane som no har starta støtteundervisning ved Sogndal vidaregåande skule og som kvalifiserer for opptak sjukepleiarutdanning, startar med samlingar i Førde frå hausten 2021. Studiet går over 4 år med nytt opptak kvart 2. år, neste oppstart altså hausten 2023. Utdanninga vil vere eit tilbod ikkje berre i Sogneregionen, men òg for regionane Sunnfjord og Nordfjord.

I Kringom as sitt reglementet for *PERIODEKORT STUDENT*, med 40% rabatt i tillegg til den vanlege

periodekortrabatten, framgår at kortet gjeld ved følgjande opplæring:

- elevar i grunn- og vidaregåande skule,
- heiltidsstudentar ved fagskule, teknisk fagskule, høgskule eller universitet i Norge eller utlandet,
- frå fylte 19 år til og med månaden ein fyller 30 år.
- vaksne framandspråklege under 30 år som får opplæring i norsk og samfunnskunnskap i minst ti timar i veka i meir enn tre månader, eller flyktingar under 30 år som er i introduksjonsprogrammet, og lærlingar og lære kandidatlar på heiltid som følgjer krava i Lov om opplæring, kap. 4.

Utdanninga det her gjeld ligg nært opp til retningslinene som er nemnt over. Kandidatane våre har hatt fleire års praksis i dei ulike kommunane og har ein alder vesentleg mellom 20 og 30 år, men nokre over 30.

**Spørsmål:** Sidan samordning av sonestruktur let vente på seg for gamle Sogn og Fjordane, så bør vi vel kunne sjå på at denne gruppa som er under utdanning til svært etterspurd kompetanse for samfunnet, kan få studierabatt til andre ordningar er på plass. Det gjeld:

-Studentrabatt i samband støtteundervisning ved vidaregåande skule ved kvalifisering til sjukepleiarstudie.

Som nemnt er noverande undervisninga er alt starta, og vil gå fram til våren 2021. Tilsvarende støtteundervisning kan vere aktuelt i samband med fleire opptak til sjukepleiarstudie.

-Studentrabatt for reiser til Førde ved SAMLINGSBASERT DELTIDSUTDANNING I SJUKEPLEIE, 4 årig løp som startar hausten 2021. Neste oppstart hausten 2023.

Viss dette ikkje kan løysast innanfor regelverket, ber eg om at saka vert løfta politisk.

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

I vilkår for reiser med buss og båt i Sogn og Fjordane kjem det fram at rabatt for skuleelev og student gjeld for elevar i grunn- og vidaregåande skule og for heiltidsstudent frå fylte 19 år til og med månaden ein fyller 30 år. I motsetning til Skyss har ikkje Kringom spesifisert at ein må vera heiltidsstudent i vidaregåande skule. Med bakgrunn i ovannemnte kan rabatt for skuleelev og student innvilgast i samband støtteundervisning ved vidaregåande skule ved kvalifisering til sjukepleiarstudie.

Følgjande vilkår gjeld:

- Elevar må kunna visa fram gyldig bevis til sjåføren/mannskapet - i dette tilfellet studentbevis frå Høgskulen Vestland (HVL) med gyldig semestermerke og foto
- Rabatten blir gitt elevar til og med månaden ein fyller 30 år
- Vanlege rabattreglar for skuleelev og student gjeld (buss: 25% rabatt på einskildebillettar og 40% rabatt på periodekort, båt: 50% rabatt på einskildebillettar)

## SI 56/20 Spørsmål frå Brosvik(KrF) - Fv 567 Fotlandsvåg

Representanten **Trude Brosvik** (KrF) har stilt slik spørsmål:

### **Spørsmål om reguleringsplan / rekkefølgekrav Fv 567 på Osterøy**

Eg besøkte Fotlandsvåg på Osterøy og fekk informasjon om Fv 567, utviding av lokal bedrift og krav til rekkjefølgjekrav / motsegn til reguleringsplan. Møtet var med leiar i planutvalet; Aksel Mjøs (H), gruppeleiar for KrF; Jarle Skeidsvoll og Sigbjørn Reigstad, administrasjonssjef Lonevåg Beslagfabrikk AS (Lobas).

Etter kva eg skjønar hadde fylkeskommunen eit krav om utbetring av avkøyrsla og svingradius inn på fylkesvegen. Det er etterkome av bedrifta. Men så hadde SVV eit anna krav som for både Osterøy kommune og bedrifta framstår som svært urimeleg. Det går på både utbetring av veg, samt bygging av gang/sykkelveg frå bedrifta og inn mot skulen i Fotlandsvåg. Dette er motsett retning av der det vil kome auka trafikk som følgje av utviding av bedrifta.

Sjølv om utvidinga medfører at småbåthamna blir flytta, så blir hamna då nærare busetnaden i Fotlandsvåg og vil såleis heller gje mindre trafikk.

Plan- og kommunalteknisk utval på Osterøy hadde 2. gongs behandling av reguleringsplanen 30.09.20, og er samrøystes i saka.

Rekkjefølgjekravet er kostnadsrekna til 35 mill. Det er forståeleg at bedrifta ikkje kan ta det tiltaket aleine, og at resultatet då heller blir at ho flyttar frå Fotlandsvåg, og kanskje Osterøy.

Det vil vere sterkt mot dei signala Vestland fylkeskommune ønskjer å gje til lokalt næringsliv, og som er heimla i nyleg vedteken Utviklingsplan for Vestland fylke. Motsegna mot reguleringsplanen er gitt før regionreforma trådde i kraft og fylket fekk ansvar for eigne vegar.

### **Spørsmål:**

Kva vurderingar ligg til grunn for tidlegare vedtak i saka, ma kva risikovurdering ligg til grunn for krav om utbetring av veg, og kva handlingsrom vi har for å kome lokalsamfunnet på Osterøy betre i møte?

Kvar ligg denne saka i dag, og har fylket høve til å "hente ho innatt" til ny, og politisk, behandling?

### **Svar frå fylkesdirektør for infrastruktur og veg**

Vestland fylkeskommune har ansvar for trafikktryggleik, drift, vedlikehald og framkomst for alle trafikantgrupper på vegnettet. Desse oppgåvene vart overført frå Statens vegvesen frå årsskiftet, som følgje av regionreforma. Vi viser også til nyleg vedteken Utviklingsplan for Vestland fylke:

«Trafikktryggleik og nullvisjonen skal ligge til grunn i samferdselsplanlegginga. Dette er ein visjon om at det ikkje skal skje ulykker med drepne eller hardt skadde i trafikken i Vestland»

Fylkeskommunen har ikkje motsegn til reguleringsplan for Holmane næringsområde. Planen var på høyring før regionreforma og det er Statens vegvesen som eig motsegna. Eitt av motsegnspunkta gjeld utviding av fylkesveg 567 og opparbeiding av tilbod for mjuke trafikantar frå næringsområdet og inn til Fotlandsvåg skule. I planforslaget er fylkesvegen regulert med utvida køyrebane og fortau, men det er ikkje knytt rekkjefølgjekrav til opparbeiding i føresegnene. Vegvesenet har motsegn til mangel på rekkefølgekrav. Motsegna er heimla i sektoransvaret for trafikktryggleik, som framleis ligg hos Vegvesenet.

Grunngeving for motsegna er at ein ikkje har sikra trafikktryggleik tilstrekkeleg i planforslaget. Fylkesvegen er smal og uoversiktleg. Delar av strekninga er einfeltsveg, og det manglar tilbod for mjuke trafikantar. Strekninga forbi næringsområdet er skuleveg for elevar som kjem frå Gatland. Elevane har ikkje trygg skuleveg. I tillegg fungerer Fotlandsvåg skule og idrettsplass som ein møteplass utanom skuletid. Tilsette som kjem gåande eller syklande frå Fotlandsvåg til Holmane næringsområde manglar også eit trygt tilbod.

Vi viser til retningsline 7.1 i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028:

«Rekkjefølgje av utbygging i bustad- og næringsareal må bli samordna i tid med utbygging av vegsamband, gang- og sykkelveggar og kollektivtiltak. Planar skal ha rekkjefølgjekrav om transporttilhøva ikkje er tilfredsstillande ut i frå omsyn til trafikktryggleik, tilrettelegging for gang og sykkel og kollektivtransport.»

Utviding av næringsområdet vil føre til auka trafikkmengd på fylkesvegen, både av større køyretøy knytt til verksemda, og personbiltransport som følgje av fleire tilsette. Truleg vil auke i tungtransport hovudsakeleg gå nordover. Ein kan likevel vente at det vil bli noko auke i tungtransport gjennom Fotlandsvåg, som er alternativ trasé i retning Bergen. Auke i personbiltransport vil kunne kome frå både nord og sør. Ved å knyte rekkjefølgjekrav i føresegnene vil planen sikre eit trygt tilbod for born og unge og andre mjuke trafikantar før ein aukar trafikkmengda på fylkesvegen.

I mars 2020 var det dialogmøte mellom Statens vegvesen og kommunen hos Fylkesmannen om reguleringsplanen. Ved ein inkurie vart ikkje fylkeskommunen invitert til dette møtet. Fylkeskommunen deltok derimot på meklingsmøte i juni. I møtet ga fylkesdirektøren uttrykk for at vi er samde med Vegvesenet når det gjeld behov for rekkjefølgjekrav knytt til opparbeiding av tilbod for mjuke trafikantar. Samstundes ga vi tilbakemelding om at vi er opne for å gå ned på krava når det gjeld utforming. Vi oppmoda også kommunen om å søke trafikksikringsmidlar frå fylkeskommunen for gjennomføring av tiltaket.

I august tok fylkeskommunen kontakt med ordførar og rådmann i Osterøy kommune. Vi planla eit fysisk møte på fylkeshuset i slutten av september, men grunna koronasituasjonen valde vi å utsetje møtet til november. Føremålet med møtet er å forsøke å finne ei trafikksikker løysing som alle partar kan godta. Som førebuing til møtet har avdeling for infrastruktur og veg tatt initiativ til at fylkeskommunen sjølv skal sjå på alternative løysingar som er mindre kostnadskrevjande. Dette vert no arbeidd med.

Dersom fylkeskommunen og kommunen kjem fram til ei løysing som begge partar godtar, er det likevel Statens vegvesen som må trekkje motsegna.

### **SI 57/20 Spørsmål frå Ekrheim (SP) - Fylkesveg 5014, Strondavegen, mellom Skånevik og etne**

Representant Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (SP) har stilt slikt spørsmål:  
**Er det nokre planar for utviding av flaskehalsar på fv. 1014? I tilfelle kva tid?**

Fv 5014 Skånevik - Etne, Strondavegen, er ein del av det lågtrafikkerte fylkesvegnettet. Veggen har i dag ein ÅDT på 500 med unntak i tettstadane Skånevik og Etne.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg er gjort kjent med at det på delar av fylkesveg 5014 i 2019 vart gjort eit betydeleg vedlikehaldsarbeid med kantforsterking, drenering og ca 5 km med nytt asfaltdekke.

Utanom ordinært kritisk forfall / vedlikehald er der ikkje framtidige planar eller avsett midlar for utviding eller betra framkome for større køyretøy på fv. 5014. Fylkesdirektøren har i samband med å svare ut dette spørsmålet vore i kontakt med prosjektleiar i Statens vegvesen som følgjer opp driftskontrakten på fylkesvegane i Etne.

### **SI 58/20 Spørsmål frå Hammer (SV) - Hurtigbåttilbod mellom Sotra og Bergen**

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt slikt spørsmål:

Under handsaming av utredning om hurtigbåttilbod mot Sotra i mai vart det sagt at det kunne vere ein muligheit at leverandøren og den som skal bygge Sotrasambandet også skal ha ein plan for forsvarleg trafikkavvikling, og at det kan vere aktuelt at denne leverandøren kan bidra til å realisere eit båttilbod mellom Sotra og Bergen. Er det noko nytt i den samanheng?

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Det har vore kontakt med Prosjektleiar i Sotrasambandet, Arve Tjønn Rinde. Prosjektet er inne i ein hektisk fase med konkurransen for bygginga av heile prosjektet. Prosjektleiar ville kome

attente etter at tildeling har skjedd, slik at det er mogeleg å vurdere ulike tiltak for å redusere trafikken i anleggsperioden. Det er i ein slik samanheng det kunne vere mogeleg å tenka seg eit bidrag til drift av hurtigbåt. Slik kontakt er avtala i løpet av oktober.

## **SI 59/20 Spørsmål frå Hammer( SV) - Iverksettelse av prisreduksjon på periodebillett og bompenger**

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt slikt spørsmål:

Viser til spørsmål 23.september om iverksetting av bompengeavtalen. Der står det at prisreduksjonar vil kunne iverksetjast 4-6 veker etter signering, og at ein 23.september ikkje hadde fått dato for regjeringsgodkjenning.

Avtalen vart signert 24.september og er derfor no regjeringsgodkjent.

I avtalen er det skissert 40-45 mill kr til auka ruteproduksjon, samt 50 mill kr til reduserte bussprisar og bompengetakstar.

Spørsmål til samferdsledirektøren:

- Er det snakk om reell auka på 40 -45 mill til ruteproduksjon?
- Viss det er tilfelle:
  - Kor mange nye bussavgangar og avgangar med bybanen vil dette føre til?
  - Er det avklart kor denne auken skal iverksetjast? På kva måte involverer ein kommunane og folkevalde i denne auken?
- Er det sett dato for iverksetjing av prisreduksjon på buss og bompengar, no som avtalen er regjeringsgodkjent?

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

1. I PS-sak SAMO 75/2020 og FUV 188/2020 «Årleg ruteendringsprosess og rammer for bruk av belønningsmidlar» er det vedteke bruk av 40-45 mill. kr av belønningsmidlar til tiltak for styrking og forbetring av kollektivtilbodet i Bergen. Tiltaka er del av oppfølging av Trafikkplan Bergen og omlegging av stamlinjenettet, og inneber ei reell styrking av ruteproduksjonen for buss i Bergen. Det er pr. i dag ikkje planar for styrking av tilbodet på bybanen linje 1.
2. Omlegging av stamlinjenettet, og tiltaka som er skissert i nemnte politisk sak, inneber ei ombygging av linjenettet i Bergen. Nokre linjer vert forlenga og/eller det vert nye samankoplingar av linjer, medan enkelte linjer vert avkorta. Tiltaka inneber og endringar i tilbodet på linjer som vert oppretthalde slik vi kjenner dei i dag - utvalde linjer vil bli styrka, medan nokre vert redusert. Samanlikna med tilbodet slik det ligg føre i konkurransegrunnlaget, vil tiltaka innebere totalt rundt 400 nye turar. I tillegg kjem nye turar som følgje av forlenga linjer.
3. Fylkesrådmannen viser her til ovannemnte sak, som gjer greie for hovudområda for tiltaka og samhandling med kommunane.
4. Skyss førebur nå prisjustering på periodebillettar buss og bybanen som følgje av løyving på 50 millionar kroner. Nye prisar vil gjelde frå 1. november. Når det gjeld spørsmålet om iverksetting av prisreduksjon på bompengar så er det ikkje sett dato på dette pr no.



## SI 60/20 Spørsmål frå Hammer (SV) - Tryggleik i trafikken/Skyss

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt slikt spørsmål:

### Tryggleik i trafikken.

Vi har motteke informasjon om at det er fleire born som må stå i midtgangen på bussen både til og frå skulen. Dette gjeld særskilt bussen til og frå Tofterøy, men det er også meldt om slike tilfelle på andre strekningar. Vi vil med dette gjere Skyss merksame på dette problemet og ynskjer at de tek grep for å auka tryggleiken til borna våre på bussen.

### Fylkesordføraren:

Bussen fra Sæle snuplass om morgonen til Stranda/Sund har hatt for mange reisande. Det er i september arbeidd med tiltak her, og blir etter haustferien sett inn ekstra minibuss på strekninga der det er kapasitetsmangel. Passasjertala viser at dette berre unntaksvis er ei utfordring etter skulen, så her er det avventa med å setje inn ekstra produksjon.

## Politiske saker

### PS 83/20 Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2020 - andre tildeling

Forslag til innstilling

1. Tilskot frå ordninga for fysiske trafikktryggingstiltak i 2020, andre tildeling, vert fordelt til følgjande tiltak:

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling (kr)
Alver	Rekkverk på kv.2137 Furesjeggvegen	250 000
Kinn	Bygging av snuplass ved Holvik barnehage	250 000
Kvam	Ulike mindre tiltak v/ Øystese ungdomsskule, Norheimsund skule, Ålvik/Lilletveit og Gartveit	70 907
Masfjorden	Støypekant ved Juvika på Haugsvær	250 000
Stad	Etablering av 30-soner og fartsdemparar på Ytre Skårhaug og Fossebakken	67 000
Sunnfjord	Veglys langs kv.1652 Myrmel - Nos	250 000
Voss	Veglys i av- og påstigingsone ved Sundve skule	250 000
	<b>SUM</b>	<b>1 387 907</b>

#### Saksprotokoll i trafikktryggingutvalet - 28.09.2020

##### Avrøysting

Fylkesdirektør sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet.

##### Innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet

1. Tilskot frå ordninga for fysiske trafikktryggingstiltak i 2020, andre tildeling, vert fordelt til følgjande tiltak:

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling (kr)
Alver	Rekkverk på kv.2137 Furesjeggvegen	250 000
Kinn	Bygging av snuplass ved Holvik barnehage	250 000
Kvam	Ulike mindre tiltak v/ Øystese ungdomsskule, Norheimsund skule, Ålvik/Lilletveit og Gartveit	70 907
Masfjorden	Støypekant ved Juvika på Haugsvær	250 000
Stad	Etablering av 30-soner og fartsdemparar på Ytre Skårhaug og Fossebakken	67 000
Sunnfjord	Veglys langs kv.1652 Myrmel - Nos	250 000
Voss	Veglys i av- og påstigingsone ved Sundve skule	250 000
	<b>SUM</b>	<b>1 387 907</b>

#### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 14.10.2020

##### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

##### Vedtak

1. Tilskot frå ordninga for fysiske trafikktryggingstiltak i 2020, andre tildeling, vert fordelt til følgjande tiltak:

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling (kr)
Alver	Rekkverk på kv.2137 Furesjeggvegen	250 000
Kinn	Bygging av snuplass ved Holvik barnehage	250 000
Kvam	Ulike mindre tiltak v/ Øystese ungdomsskule, Norheimsund skule, Ålvik/Lilletveit og Gartveit	70 907
Masfjorden	Støypekant ved Juvika på Haugsvær	250 000
Stad	Etablering av 30-soner og fartsdemparar på Ytre Skårhaug og Fossebakken	67 000
Sunnfjord	Veglys langs kv.1652 Myrmel - Nos	250 000
Voss	Veglys i av- og påstigingsone ved Sundve skule	250 000
	<b>SUM</b>	<b>1 387 907</b>

## PS 84/20 Tilskot til trafikktryggingssarrangement, andre tildeling 2020

Forslag til innstilling

1. Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar fordelast på følgjande måte

Søklar	Namn på aktivitet	Totalkostnad på aktivitet	Søknadssum	Tilskot
Hystad skule	Fokus på trafikkikkerheit og etablering av Hjartesone	49 500 kr	49 500 kr	49 500 kr
FAU Garnes skule	Trafikkikkerhetsdag	43 500 kr	30 000 kr	30 000 kr
Bømlo kommune	Markering av nasjonal refleksdag	40 000 kr	40 000 kr	40 000 kr
Stryn kommune	Trafikktryggleiksmateriale til valfag <i>Trafikk</i>	61 720 kr	62 000 kr	46 300 kr
FAU Indre Hafslo		10 000 kr	10 000 kr	0 kr
Sædalen FAU	Refleksvestaksjon høst 2020	6 000 kr	6 000 kr	6 000 kr
Stavlandsneset velforening	Trafikktiltak Stavlandsneset	100 000 kr	100 000 kr	0 kr
Stryn vidaregåande skule	Trafikktryggingssdag	68 250 kr	48 000 kr	48 000 kr
Trygg Trafikk	Sykkellysaksjonen #bruksykkellys	200 000 kr	150 000 kr	150 000 kr
Stord kommune	Trygg på sykkel i Stord	45 500 kr	45 500 kr	45 500 kr
Firda VGS	Trafikktryggingstiltak og markering av refleksdagen	29 000 kr	29 000 kr	29 000 kr
Sogndal VGS	Refleksaksjon	7 000 kr	7 000 kr	7 000 kr
Moster Grendautval	Universell tursti	4 100 000 kr	500 000 kr	0 kr
Ramsøy idrettslag	Trafikkveld på Ramsøy	10 000 kr	10 000 kr	10 000 kr
FAU Hanøy skule	Online trafikkquiz/bingo	36 900 kr	36 900 kr	36 900 kr
Måløy vidaregåande skule	Markering av refleksens dag	4 800 kr	4 800 kr	4 800 kr
<b>Total</b>		<b>4 812 170 kr</b>	<b>1 128 700 kr</b>	<b>503 000kr</b>

## Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 28.09.2020

Knut Olav Nestås, Regionleiar i Trygg Trafikk, stilte spørsmål om han var inhabil, då Trygg Trafikk har søkt om tilskott i samband med Tilskott til trafikktryggingsarrangement, andre tildeling 2020. Nestås gjekk frå under vurderinga av om han var inhabil. Trafikktryggingsutvalet vedtok samrøystes at Nestås var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Nestås gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 11 representantar til stades.

Eva Vinjevoll, avd. for mobilitet og kollektiv, seksjon for transportplan, ga ein oppdatering av fakta i denne saka, før avrøystinga.

### Avrøysting

Fylkesdirektør sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet.

### Innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet

1. Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar fordelast på følgjande måte

Søkjjar	Namn på aktivitet	Totalkostnad på aktivitet	Søknadssum	Tilskot
Hystad skule	Fokus på trafikksikkerheit og etablering av Hjartesone	49 500 kr	49 500 kr	49 500 kr
FAU Garnes skule	Trafikksikkerhetsdag	43 500 kr	30 000 kr	30 000 kr
Bømlo kommune	Markering av nasjonal refleksdag	40 000 kr	40 000 kr	40 000 kr
Stryn kommune	Trafikktryggleiksmateriale til valfag <i>Trafikk</i>	61 720 kr	62 000 kr	46 300 kr
FAU Indre Hafslo		10 000 kr	10 000 kr	0 kr
Sædalen FAU	Refleksvestaksjon høst 2020	6 000 kr	6 000 kr	6 000 kr
Stavlandsneset velforening	Trafikktiltak Stavlandsneset	100 000 kr	100 000 kr	0 kr
Stryn vidaregåande skule	Trafikktryggingsdag	68 250 kr	48 000 kr	48 000 kr
Trygg Trafikk	Sykkellysaksjonen #bruksykkellys	200 000 kr	150 000 kr	150 000 kr
Stord kommune	Trygg på sykkel i Stord	45 500 kr	45 500 kr	45 500 kr
Firda VGS	Trafikktryggingstiltak og markering av refleksdagen	29 000 kr	29 000 kr	29 000 kr
Sogndal VGS	Refleksaksjon	7 000 kr	7 000 kr	7 000 kr
Moster Grendautval	Universell tursti	4 100 000 kr	500 000 kr	0 kr
Ramsøy idrettslag	Trafikkveld på Ramsøy	10 000 kr	10 000 kr	10 000 kr
FAU Hanøy skule	Online trafikkquiz/bingo	36 900 kr	36 900 kr	36 900 kr
Måløy vidaregåande skule	Markering av refleksens dag	4 800 kr	4 800 kr	4 800 kr
<b>Total</b>		<b>4 812 170 kr</b>	<b>1 128 700 kr</b>	<b>503 000kr</b>

## Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

1. Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar fordelast på følgjande måte

Søkjar	Namn på aktivitet	Totalkostnad på aktivitet	Søknadssum	Tilskot
Hystad skule	Fokus på trafikksikkerheit og etablering av Hjartesone	49 500 kr	49 500 kr	49 500 kr
FAU Garnes skule	Trafikksikkerhetsdag	43 500 kr	30 000 kr	30 000 kr
Bømlo kommune	Markering av nasjonal refleksdag	40 000 kr	40 000 kr	40 000 kr
Stryn kommune	Trafikktryggleiksmateriale til valfag <i>Trafikk</i>	61 720 kr	62 000 kr	46 300 kr
FAU Indre Hafslo		10 000 kr	10 000 kr	0 kr
Sædalen FAU	Refleksvestaksjon høst 2020	6 000 kr	6 000 kr	6 000 kr
Stavlandsneset velforening	Trafikktiltak Stavlandsneset	100 000 kr	100 000 kr	0 kr
Stryn vidaregåande skule	Trafikktryggingssdag	68 250 kr	48 000 kr	48 000 kr
Trygg Trafikk	Sykkellysaksjonen #bruksykkellys	200 000 kr	150 000 kr	150 000 kr
Stord kommune	Trygg på sykkel i Stord	45 500 kr	45 500 kr	45 500 kr
Firda VGS	Trafikktryggingstiltak og markering av refleksdagen	29 000 kr	29 000 kr	29 000 kr
Sogndal VGS	Refleksaksjon	7 000 kr	7 000 kr	7 000 kr
Moster Grendautval	Universell tursti	4 100 000 kr	500 000 kr	0 kr
Ramsøy idrettslag	Trafikkveld på Ramsøy	10 000 kr	10 000 kr	10 000 kr
FAU Hanøy skole	Online trafikkquiz/bingo	36 900 kr	36 900 kr	36 900 kr
Måløy vidaregåande skule	Markering av refleksens dag	4 800 kr	4 800 kr	4 800 kr
<b>Total</b>		<b>4 812 170 kr</b>	<b>1 128 700 kr</b>	<b>503 000kr</b>

## PS 85/20 Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar 2020

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjer vedtak om budsjettendring innanfor løyvingsnivå FTU-midlar. Mindreforbruket i tilskotsordninga for trafikktryggleiksaktivitetar - totalt kr. 369.300 - vert lagt til ramma for kommunale trafikktryggingssplanar.

2. Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar 2020 vert fordelt som følgjer:

Kommune	Tildeling (kr)
Aurland	150 000
Austrheim	100 000

Bjørnafjorden	150 000
Bremanger	100 000
Fitjar	150 000
Kinn	108 150
Luster	37 500
Masfjorden	150 000
Stad	150 000
Stord	83 650
Stryn	40 000
Sunnfjord	150 000
<b>SUM</b>	<b>1 369 300</b>

3. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vil oppmoda kommunane om å sjå til kriteria for godkjeningsordninga Trafikksikker kommune, og vurdera desse opp mot eige trafikktryggingsarbeid.

4. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vil vidare påpeika viktigheita av at kommunane prioriterer arbeidet med trafikktryggingsplanar. For å lykkast med å nå måla om reduksjonar i tala drepne og hardt skadde er me avhengige at kommunane tar ei aktiv rolle i trafikktryggingsarbeidet. Kommunale trafikktryggingsplanar er viktige innspel til prioriteringar av ts-tiltak på fylkesveg.

### Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 28.09.2020

#### Avrøysting

Fylkesdirektør sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet.

#### Innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjer vedtak om budsjettendring innanfor løyvningsnivå FTU-midlar. Mindreforbruket i tilskotsordninga for trafikktryggleiksaktivitetar - totalt kr. 369.300 - vert lagt til ramma for kommunale trafikktryggingsplanar.

2. Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar 2020 vert fordelt som følgjer:

Kommune	Tildeling (kr)
Aurland	150 000
Austrheim	100 000
Bjørnafjorden	150 000
Bremanger	100 000
Fitjar	150 000
Kinn	108 150
Luster	37 500
Masfjorden	150 000
Stad	150 000
Stord	83 650
Stryn	40 000
Sunnfjord	150 000
<b>SUM</b>	<b>1 369 300</b>

3. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vil oppmoda kommunane om å sjå til kriteria for godkjeningsordninga Trafikksikker kommune, og vurdera desse opp mot eige trafikktryggingsarbeid.

4. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vil vidare påpeika viktigheita av at kommunane prioriterer arbeidet med trafikktryggingsplanar. For å lykkast med å nå måla om reduksjonar i tala drepne og hardt skadde er me avhengige at kommunane tar ei aktiv rolle i trafikktryggingsarbeidet. Kommunale trafikktryggingsplanar er viktige innspel til prioriteringar av ts-tiltak på fylkesveg.

## Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 14.10.2020

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjer vedtak om budsjettendring innanfor løyvningsnivå FTU-midlar. Mindreforbruket i tilskotsordninga for trafikktryggleiksaktivitetar - totalt kr. 369.300 - vert lagt til ramma for kommunale trafikktryggingsplanar.

2. Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar 2020 vert fordelt som følgjer:

Kommune	Tildeling (kr)
Aurland	150 000
Austrheim	100 000
Bjørnafjorden	150 000
Bremanger	100 000
Fitjar	150 000
Kinn	108 150
Luster	37 500
Masfjorden	150 000
Stad	150 000
Stord	83 650
Stryn	40 000
Sunnfjord	150 000
<b>SUM</b>	<b>1 369 300</b>

3. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vil oppmoda kommunane om å sjå til kriteria for godkjenningsordninga Trafikksikker kommune, og vurderer desse opp mot eige trafikktryggingsarbeid.

4. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vil vidare påpeika viktigheita av at kommunane prioriterer arbeidet med trafikktryggingsplanar. For å lykkast med å nå måla om reduksjonar i tala drepne og hardt skadde er me avhengige at kommunane tar ei aktiv rolle i trafikktryggingsarbeidet. Kommunale trafikktryggingsplanar er viktige innspel til prioriteringar av ts-tiltak på fylkesveg.

## PS 86/20 Førespurnad frå Statens vegvesen om opprettelse av MC-Forum i fylkeskommunal regi

### Forslag til innstilling

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet viser til *Nasjonalt tiltaksplan for trafikktryggleik på veg (2018 - 2021)* som gir Statens vegvesen eit særskilt ansvar for MC-trafikanter. Vestland fylkeskommune deltek gjerne i trafikktryggleiksarbeid retta mot MC-syklistar, men vurderer at ansvaret for trafikktryggleik bør ligge på nasjonalt nivå.
2. Fylkeskommunen tek ikkje på seg eigarskapet for MC-Forum i Vestland.

## Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 28.09.2020

### Avrøysting

Fylkesdirektør sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet.

### Innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet viser til *Nasjonalt tiltaksplan for trafikktryggleik på veg (2018 - 2021)* som gir Statens vegvesen eit særskilt ansvar for MC-trafikanter. Vestland fylkeskommune deltek gjerne i trafikktryggleiksarbeid retta mot MC-syklistar, men vurderer at ansvaret for trafikktryggleik bør ligge på nasjonalt nivå.
2. Fylkeskommunen tek ikkje på seg eigarskapet for MC-Forum i Vestland.

## Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 14.10.2020

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet viser til *Nasjonalt tiltaksplan for trafikktryggleik på veg (2018 - 2021)* som gir Statens vegvesen eit særskilt ansvar for MC-trafikanter. Vestland fylkeskommune deltek gjerne i trafikktryggleiksarbeid retta mot MC-syklistar, men vurderer at ansvaret for trafikktryggleik bør ligge på nasjonalt nivå.
2. Fylkeskommunen tek ikkje på seg eigarskapet for MC-Forum i Vestland.



## **PS 87/20 Oppstart av arbeidet med handlingsprogram for trafikktrygging**

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til rammene for utarbeiding av handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025, slik dei kjem fram av saka.

### **Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 28.09.2020**

#### **Avrøysting**

Fylkesdirektør sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet.

#### **Innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet**

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til rammene for utarbeiding av handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025, slik dei kjem fram av saka.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 14.10.2020**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til rammene for utarbeiding av handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025, slik dei kjem fram av saka.

## **PS 88/20 Utgreiing av nasjonale føringar for riks- og fylkesvegnettet - Høyringsfråsegn**

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet viser til at føremålet med regionreforma og overføring av vegadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane var å styrkje lokaldemokratiet og sjølvråderetten til fylkeskommunane. Auka handlefridom for fylkeskommunane skal bidra til betre tilpassing, betre ressursbruk og dermed betre måloppnåing. Nasjonale føringar må byggje opp om dette, og fylkeskommunens handlingsrom over eiga vegnett må vektleggjast.
2. Fleire av modellane som er føreslåtte i utgreiinga frå Statens vegvesen er etter fylkesutvalet si meining i strid med desse føresetnadene og med NTP-målsettinga om meir veg for pengane. Særleg reagerer fylkesutvalet på modellane der Vegdirektoratet får fråviksmynde også på fylkesveg. Det er viktig at fylkeskommunane har råderett over eiga vegnett og kan gjere vedtak om fråvik både for drift, vedlikehald og planlegging på fylkesvegnettet ut i frå ei vurdering av krav til trafikktryggleik, føremålstenlege lokale løysingar og samla bruk av økonomiske ressursar..
3. Fylkesutvalet registrerer at krava for fylkesveganlegg er blitt skjerpa den siste tida, og moglegheita for skjønn har blitt svekka. Fylkeskommunane er ein stor vegeigar, og fylkesutvalet meiner at fylkeskommunane må få ein helt anna posisjon med å fastsetje standardar på eige vegnett enn det som er tilfelle i dag.
4. Fylkesutvalet støttar at det vert gjort vidare arbeid med å avklare roller og ansvar mellom forvaltingsnivå for å tydeleggjere ansvarsforholda for overgangsbruer og mellom veganlegg. Fylkesutvalet meiner at også ansvarsforholda for gang- og sykkelveggar med riksvegfunksjon i storbyane bør klårgjerast nærare.

5. Fylkesutvalet støttar at rundskriv T-1057 Retningslinjer for planlegging av riks- og fylkesveg etter Plan- og bygningsloven blir oppdatert med sikte på å avklare grensesnittet mellom fylka og Statens vegvesen når det gjeld å sikre krava til trafikktryggleik. Oppdateringa av rundskrivet må klårgjere ansvarsforholda for trafikktryggleik generelt på alle typar av vegar, også kommunale vegar og private vegar. Følgjande bør særleg bli vurdert:
  - a) Fylkesutvalet viser til at både Statens vegvesen og fylkeskommunane har i oppgåve å vurdere sider av trafikktryggleik på fylkesvegar i planar frå kommunar og private med høve til å fremje motsegn. Det bør vurderast om det er tilstrekkeleg at fylkeskommunane aleine vurderer alle sider ved trafikktryggleik i slike planar.
  - b) For planar der fylkeskommunen er tiltakshavar bør ikkje Statens vegvesen kunne overprøve fylka sine val knytt til vegutforming av fylkesveg og fylka si handtering av eventuelle fråvik.
6. Fylkesutvalet støttar at det blir utarbeide ein forskrift med formål å standardisere utforming av ferjekaiar, ferjer og ladeinfrastruktur som kan medføre større fleksibilitet i ferjeflåta. Fylkeskommunane må vere involverte i arbeidet med utforming av forskrifta.
7. Fylkesutvalet meiner at fylkeskommunane som vegeigar bør ha ansvar for veglister for tillata bruksklasse sommar og vinter, tillata totalvekt og vogntoglengde på fylkesveg, inklusiv ansvar for dispensasjonar.
8. Tunneltryggleiksforskrifta og skjerpa krav i handbøker medfører særleg høge finansielle utfordringar for Vestland fylkeskommune, som langt i frå er blitt kompenserte. Dette må kompenseras slik at det er mogleg å innfri tidsfristen for arbeidet. Om ikkje dette vert gjort, må ein kunne vurdere å endre krava i forskrifta og i handbøker.
9. Nasjonale føringar for trafikkberedskap på fylkesvegnettet bør i vere knytt til mål for arbeidet og samhandling med andre aktørar. Korleis oppgåva skal løysast, bør vere eit regionalt ansvar. Fylkesutvalet meiner at inndeling av fylkesvegnettet i trafikkberedskapsklassar er naudsynt, og at det ikkje bør vere krav om eit spesifikt system som vegROS i beredskapsarbeidet.
10. Fylkesutvalet er positiv til at det vert utarbeide ein ny vegdataforskrift, og meiner denne må sikre effektiv dataflyt og klårgjere ansvarsforholda for systema. Trafikk- og værddata må inn i vegdataforskrifta. Fylkeskommunen må sikrast kostnadsfri tilgang til denne informasjonen til eige bruk
11. Fylkesutvalet meiner det er særleg uheldig og i strid med Stortinget sine føringar om overføring av sams vegadministrasjon at oppgåver etter vegtrafikklova ikkje er vurdert i høyringsarbeidet. Fylkesutvalet vil peike på:
  - a. Fylkeskommunane må få tilført vedtaksmynde etter skiltforskrifta. Dagens praksis der fylkeskommunen ikkje kan fatte eigne vedtak etter skiltforskrifta er unødvendig tids- og ressurskrevjande, byråkratiserande og vanskeleg å forstå for alle involverte.
  - b. Fylkeskommunen må få sjølvstendig mynde til å gjere mellombelse vedtak om forbod mot all trafikk, eller utføre anna regulering av trafikk, jf. vegtrafikklova § 7, som t.d. å setje ut sperringar ved ras og flaum.
12. Økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen av endringar i nasjonale føringar må bli kompenserte fullt ut.

## **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 14.10.2020**

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet viser til at føremålet med regionreforma og overføring av vegadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane var å styrkje lokaldemokratiet og sjølvråderetten til fylkeskommunane. Auka handlefridom for fylkeskommunane skal bidra til betre tilpassing,

betre ressursbruk og dermed betre måloppnåing. Nasjonale føringar må byggje opp om dette, og fylkeskommunens handlingsrom over eiga vegnett må vektleggjast.

2. Fleire av modellane som er føreslåtte i utgreiinga frå Statens vegvesen er etter fylkesutvalet si meining i strid med desse føresetnadene og med NTP-målsettinga om meir veg for pengane. Særleg reagerer fylkesutvalet på modellane der Vegdirektoratet får fråviksmynde også på fylkesveg. Det er viktig at fylkeskommunane har råderett over eiga vegnett og kan gjere vedtak om fråvik både for drift, vedlikehald og planlegging på fylkesvegnettet ut i frå ei vurdering av krav til trafikktryggleik, føremålstenlege lokale løysingar og samla bruk av økonomiske ressursar..
3. Fylkesutvalet registrerer at krava for fylkesveganlegg er blitt skjerpa den siste tida, og moglegheita for skjønn har blitt svekka. Fylkeskommunane er ein stor vegeigar, og fylkesutvalet meiner at fylkeskommunane må få ein helt anna posisjon med å fastsetje standardar på eige vegnett enn det som er tilfelle i dag.
4. Fylkesutvalet støttar at det vert gjort vidare arbeid med å avklare roller og ansvar mellom forvaltingsnivå for å tydeleggjere ansvarsforholda for overgangsbruer og mellom veganlegg. Fylkesutvalet meiner at også ansvarsforholda for gang- og sykkelvegar med riksvegfunksjon i storbyane bør klårgjerast nærare.
5. Fylkesutvalet støttar at rundskriv T-1057 Retningsliner for planlegging av riks- og fylkesveg etter Plan- og bygningsloven blir oppdatert med sikte på å avklare grensesnittet mellom fylka og Statens vegvesen når det gjeld å sikre krava til trafikktryggleik. Oppdateringa av rundskrivet må klårgjere ansvarsforholda for trafikktryggleik generelt på alle typar av vegar, også kommunale vegar og private veger. Følgjande bør særleg bli vurdert:
  - c) Fylkesutvalet viser til at både Statens vegvesen og fylkeskommunane har i oppgåve å vurdere sider av trafikktryggleik på fylkesvegar i planar frå kommunar og private med høve til å fremje motsegn. Det bør vurderast om det er tilstrekkeleg at fylkeskommunane åleine vurderer alle sider ved trafikktryggleik i slike planar.
  - d) For planar der fylkeskommunen er tiltakshavar bør ikkje Statens vegvesen kunne overprøve fylka sine val knytt til vegutforming av fylkesveg og fylka si handtering av eventuelle fråvik.
6. Fylkesutvalet støttar at det blir utarbeide ein forskrift med formål å standardisere utforming av ferjekaier, ferjer og ladeinfrastruktur som kan medføre større fleksibilitet i ferjeflåta. Fylkeskommunane må vere involverte i arbeidet med utforming av forskrifta.
7. Fylkesutvalet meiner at fylkeskommunane som vegeigar bør ha ansvar for veglister for tillata bruksklasse sommar og vinter, tillata totalvekt og vogntoglengde på fylkesveg, inklusiv ansvar for dispensasjonar.
8. Tunneltryggleiksforskrifta og skjerpa krav i handbøker medfører særst høge finansielle utfordringar for Vestland fylkeskommune, som langt i frå er blitt kompenserte. Dette må kompenseras slik at det er mogleg å innfri tidsfristen for arbeidet. Om ikkje dette vert gjort, må ein kunne vurdere å endre krava i forskrifta og i handbøker.
9. Nasjonale føringar for trafikkberedskap på fylkesvegnettet bør i vere knytt til mål for arbeidet og samhandling med andre aktørar. Korleis oppgåva skal løysast, bør vere eit regionalt ansvar. Fylkesutvalet meiner at inndeling av fylkesvegnettet i trafikkberedskapsklassar er naudsynt, og at det ikkje bør vere krav om eit spesifikt system som vegROS i beredskapsarbeidet.
10. Fylkesutvalet er positiv til at det vert utarbeide ein ny vegdataforskrift, og meiner denne må sikre effektiv dataflyt og klårgjere ansvarsforholda for systema. Trafikk- og værdata må inn i vegdataforskrifta. Fylkeskommunen må sikrast kostnadsfri tilgang til denne informasjonen til eige bruk
11. Fylkesutvalet meiner det er særst uheldig og i strid med Stortinget sine føringar om overføring av sams vegadministrasjon at oppgåver etter vegtrafikklova ikkje er vurdert i høyringsarbeidet. Fylkesutvalet vil peike på:

- c. Fylkeskommunane må få tilført vedtaksmynde etter skiltforskrifta. Dagens praksis der fylkeskommunen ikkje kan fatte egne vedtak etter skiltforskrifta er unødvendig tids- og ressurskrevjande, byråkratiserande og vanskeleg å forstå for alle involverte.
- d. Fylkeskommunen må få sjølvstendig mynde til å gjere mellombelse vedtak om forbod mot all trafikk, eller utføre anna regulering av trafikk, jf. vegtrafikklova § 7, som t.d. å setje ut sperringar ved ras og flaum.

12. Økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen av endringar i nasjonale føringar må bli kompenserte fullt ut.

## **PS 89/20 Evaluering av sommaren 2020 på ferjesambandet Jondal - Tørvikbygd**

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek evalueringa av sommarsesongen 2020 på ferjesambandet Jondal - Tørvikbygd til orientering. Sommarsesongen 2020 gir ikkje grunnlag for å vurdere behov for eit styrka sommartilbod i åra som kjem.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 14.10.2020**

#### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet tek evalueringa av sommarsesongen 2020 på ferjesambandet Jondal - Tørvikbygd til orientering. Sommarsesongen 2020 gir ikkje grunnlag for å vurdere behov for eit styrka sommartilbod i åra som kjem.

## **PS 90/20 Merkevarereprosess Skyss/Kringom**

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek Skyss som merkevarenamn for mobilitetseininga i Vestland fylkeskommune.
2. Fylkesutvalet vedtek ein plan for implementering av fysisk omprofilering av bussparken som strekker seg over ein periode på 12 månadar.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 14.10.2020**

#### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet vedtek Skyss som merkevarenamn for mobilitetseininga i Vestland fylkeskommune.
2. Fylkesutvalet vedtek ein plan for implementering av fysisk omprofilering av bussparken som strekker seg over ein periode på 12 månadar.

## **PS 91/20 Vinterstenging av fv. 613 Gaularfjellet**

Forslag til vedtak:

1. Gaularfjellet vert vinterstengt 1. desember. Dersom det ikkje er kome snø til denne tida, vil vegen vere open fram til første snøfall som krev brøyting.

2. Gaularfjellet vert opna etter vinterstenging 1. juni
3. Endringa gjeld for ny driftskontrakt for Sunnfjord Sør som start 1.9. 2021.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 14.10.2020**

**Jenny Følling (Sp)** sette på vegner av Sp, A, Krf, Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 2:

Gaularfjellet vert som hovudregel opna etter vinterstenging 1. mai.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteke.

Følling sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Det vart ikkje votert over fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

### **Vedtak**

1. Gaularfjellet vert vinterstengt 1. desember. Dersom det ikkje er kome snø til denne tida, vil vegen vere open fram til første snøfall som krev brøyting.
2. Gaularfjellet vert som hovudregel opna etter vinterstenging 1. mai.
3. Endringa gjeld for ny driftskontrakt for Sunnfjord Sør som start 1.9. 2021.